



Venstres Kjell Yri, den einaste listetoppen frå Uskedalen denne gongen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Partia har fullført nominasjonen og dei 9 partia som stillar ved valet kan mønstra 23 kandidatar frå Uskedalen. Dermed ligg vi på fjerdeplassen etter Husnes (42), Sunde (29) og Valen (27).

Det er ein plassering bygda kan vera fornøgd med men fordelinga på partia er svært ujamn. Og det er grunn til å minna om at vi hadde andre plassen ved det førre valet, Då var det 37 kandidatar frå Uskedalen medan Husnes'hadde 48. Men då var det fleire lister.

Ikkje uventa ligg Venstre og Høgre på toppen av Uskedal-statistikken med 6 kandidatar kvar.

Arbeidarpartiet har 3 og Senterpartiet 2 medan

Raudt, KrF, Frp og IP berre har

ein kvar og SV ikkje kan stilla opp med ein einaste uskedeling.

Eit anna spørsmål er så kor mange frå bygda vår som blir med i kommunestyret. vi har hatt 4 denne perioden.

Blir det 5 frå hausten?

Det er Kvinnheringen som har laga denne statistikken og som mellom anna peikar på at berre Sunde er representert på alle listene. Senterpartiet har kandidatar frå flest bygder, talet er 17. Men dei har ingen frå Husnes!. Ølve har 11namn, men dei kjem berre frå Høgre og Senterpartiet.

Av Ola Matti Mathisen